



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 14.01.2016
Tid: 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Aslaug Hasle	Lina Marie Bjørkedal	SV
Einar Børtveit	Magny Astrid Fylling	KRF
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef - sak PS 3/16
Regine Solberg Aklestad	Kommuneplanleggar - sak PS 4/16
Per Heltne	Fagansvarleg plan - sak PS 5/16 - PS 12/16
Børild Skåra	Rådgjevar jordbruk, landbrukskontoret Ørsta Volda

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/16	Søknad om dispensasjon frå § 29-2 i pbl, gbr 45/5
PS 4/16	Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 5/16	Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, naust Lid, gbr 4/3 og 4/23
PS 6/16	Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådeling hyttetomt gbnr 42/2 Årset
PS 7/16	Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådeling hyttetomter Helset gbr 92/3
PS 8/16	Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, frådeling hyttetomt gbr 107/1 Folkestad
PS 9/16	Saksframlegg - Dispensasjon frå kommunedelplan frådeling av bustadtomt gbnr 152/9 Lauvstad
PS 10/16	Saksframlegg- Dispensasjon frå kommunedelplan frådeling av bustadtomt gbnr 167/5 Velsvika
PS 11/16	Spelemiddelsøknader 2016 - Kommunal handsaming
PS 12/16	1519 gbr 167/5 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Arne Velsvik

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til innkallinga. Saklista vart samrøystes godkjent.

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 08.12.15 vart samrøystes godkjent.

PS 3/16 Søkna om dispensasjon frå § 29-2 i pbl, gbr 45/5

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 ikkje er oppfylt. Søkna om dispensasjon frå pbl § 29-2 og endringssøkna vert derfor ikkje imøtekome.*
- 2. Med heimel i forvaltningslova § 42 vert vedtaket gitt utsettande verknad til klagefristen er ute.*
- 3. Når endeleg vedtak om avslag evt ligg føre, vil det vert sendt ut pålegg om endring.*

Handsaming:

Petter Espe reiste spørsmål om han var ugild. Han er tilsett i K A Aurstad AS og har vore kollega med tiltakshavar i mange år. Han har og signert eit brev, datert 24.11.09, på vegne av Kjell Arne Aurstad, jf forv.lova § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Petter Espe vart kjend ugild med fem røyster. Tre røysta mot (Kvangarsnes, Koppen og Sunde)

Det var åtte røysteføre til stades under handsaming av saka.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret meiner at naustet ikkje er i strid med pbl §29-2 og gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå kravet til estetisk utforming.

Begrunning

Saka er behandla av fylkesmannen som meinte at naustet var oppført i strid med krava til estetisk utforming etter pbl §29-2. Forvaltningsstyret vurderer saka som ikkje i strid med §29-2. Det er ikkje ulemper med tiltaket hverken for naboar eller miljø. Naustet ligg i utkanten av naustområdet.

Magnar Sunde kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret held fast ved vedtaket frå 23.03.2010.

Naustet bryt med utforminga på andre naust bygd for 40 år sidan, men har ein pen moderne utsjånad på linje med nyare naust.

Etter ei samla vurdering av opplysningane i saka og ei samla vurdering av at naustet tilfredsstiller rimelege skjønnhetshensyn, finn forvaltningsstyret etter PBL §19.2 at det er godt nok estetisk utforma til å gje dispensasjon frå PBL §29.2.

Forvaltningsstyret godkjenner naustet med loft etter teikningar datert 20.02.2009.

Etter ein del drøfting trekte Magnar Sunde framlegget sitt.

Magnar Sunde kom med eit nytt framlegg som lydde:

Forvaltningsstyret sender saka attende til administrasjonen og ber om eit alternativt forslag til vedtak ut frå drøftingane på møtet i dag.

Sindre Kvangarsnes trekte framlegget sitt og kom med eit nytt framlegg som lydde:

Forvaltningsstyret meiner at det omsøkte naustet ikkje er i strid med intensjonen i pbl §29-2 og gir med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå kravet til estetisk utforming.

Det er også reist kritikk av fylkesmannens vedtak i ettertid. Byggesak Norge skriv blant anna: Eg finner at fylkesmannens vedtak lider av så store mangler at vedtaket kan anses som ugyldig.

Naustet ligg i utkant av etablerte naust i området og bryt difor ikkje med etablert byggestil. Forvaltningsstyret meiner at løyve til tiltaket vil tvillaust vere til meir gagn enn ulempe.

Seinare trekte Sindre Kvangarsnes framlegget sitt.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Magnar Sunde, fekk Magnar Sunde sitt framlegg seks røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Festø og Hasle).

Petter Espe tok sete.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

Forvaltningsstyret sender saka attende til administrasjonen og ber om eit alternativt forslag til vedtak ut frå drøftingane på møtet i dag.

PS 4/16 Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Saka vert fremja utan tilråding.

Konklusjonane frå arbeidsmøta vil bli samanstillt i notat "*innspel frå driftsstyret/-forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel*", som vil fylgje planframlegget ved vidare handsaming.

Handsaming:

Kommuneplanleggar Regine Solberg Aklestad var til stades og noterte innspela frå medlemene.

Forvaltningsstyret kom med sine innspel gjennom oppgåvearket som låg i saka.

Innspela tek planleggaren med vidare i arbeidet med planen.

PS 5/16 Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, naust Lid, gbr 4/3 og 4/23

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsstyret viser til søknad og gjennomført høyring og gir med heimel i Plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Lid- Berknes for frådeling av nausttomt og oppsett av nytt naust på gnr 4 bnr 3 på Lid.*
2. *Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av tomt på 151m2 for naust på eigedomen gnr 4 bnr 3. Delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.*
3. *Frådelt nausttomt skal vere tillegg til gnr 4 bnr 23.*
4. *Forvaltningsstyret føreset at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.*

Handsaming:

Fråsegn frå kystverket mottatt 12.01.16 og fylkesmannen i Møre og Romsdal dat. 07.12.15 var lagt ut på lesebretta den 13.01.16. I tillegg vart dokumenta utdelt på møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

- 1. Forvaltningsstyret viser til søknad og gjennomført høyring og gir med heimel i Plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Lid- Berknes for frådelling av nausttomt og oppsett av nytt naust på gnr 4 bnr 3 på Lid.*
- 2. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av tomt på 151m² for naust på eigedomen gnr 4 bnr 3. Delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.*
- 3. Frådelt nausttomt skal vere tillegg til gnr 4 bnr 23.*
- 4. Forvaltningsstyret føreset at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.*

PS 6/16 Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådelling hyttetomt gbnr 42/2 Årset

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i søknad frå Sunnmøre Jordskifterett for partane i jordskiftesak 1510-2014-0021 og gjennomført høyring i saka finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gi dispensasjon frå plan for frådelling av festetomt på 1,8 daa frå gnr 42 bnr 2.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at delinga vil svekkje ressursgrunnlaget for eigedomen i særleg grad, eller er til ulempe for landbruksdrift, og gir med heimel i jordlova § 12 løyve til frådelinga av hyttetomt på inntil 1,8 daa frå eigedomen gnr 42 bnr 2.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

- 1. Med grunnlag i søknad frå Sunnmøre Jordskifterett for partane i jordskiftesak 1510-2014-0021 og gjennomført høyring i saka finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gi dispensasjon frå plan for frådelling av festetomt på 1,8 daa frå gnr 42 bnr 2.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at delinga vil svekkje ressursgrunnlaget for eigedomen i særleg grad, eller er til ulempe for landbruksdrift, og gir med heimel i jordlova § 12 løyve til frådelinga av hyttetomt på inntil 1,8 daa frå eigedomen gnr 42 bnr 2.*

PS 7/16 Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådeling hyttetomter Helset gbr 92/3

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn at omsøkte deling og planlagt driftsstruktur for garden og turistverksemda vil vere positivt både for å sikre busetnad og næringsaktiviteten i området, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Bjørkedalen for frådeling av bebygde hyttetomter og nausttomt frå gnr 92 bnr 3 i samsvar med søknad.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

Forvaltningsstyret finn at omsøkte deling og planlagt driftsstruktur for garden og turistverksemda vil vere positivt både for å sikre busetnad og næringsaktiviteten i området, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Bjørkedalen for frådeling av bebygde hyttetomter og nausttomt frå gnr 92 bnr 3 i samsvar med søknad.

PS 8/16 Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, frådeling hyttetomt gbr 107/1 Folkestad

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Folkestad, for frådeling av bebygd hyttetomt på gnr 107 bnr 1 i samsvar med søknad.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at frådeling av tomta vil svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, eller at delinga fører til driftsmessige ulemper for landbrukseigedomen, og gir med heimel i jordlova § 12 løve til deling av hyttetomt på eigedomen gnr 107 bnr 1.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

- 1. Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Folkestad, for frådelling av bebygd hyttetomt på gnr 107 bnr 1 i samsvar med søknad.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at frådelling av tomta vil svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, eller at delinga fører til driftsmessige ulemper for landbrukseigedomen, og gir med heimel i jordlova § 12 løve til deling av hyttetomt på eigedomen gnr 107 bnr 1.*

PS 9/16 Saksframlegg - Dispensasjon frå kommunedelplan frådelling av bustadtomt gbnr 152/9 Lauvstad

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret viser til søknad og gjennomført høyring og gir med heimel i Plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Ulvestadbygda for frådelling av bustadtomt frå gnr 152 bnr 9 i samsvar med søknad.*
- 2. Forvaltningsstyret føreset at ein som vilkår i byggesak på området viser til merknad frå M.R. Fylkeskommune om varsemd under opparbeiding av området, og at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

- 1. Forvaltningsstyret viser til søknad og gjennomført høyring og gir med heimel i Plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Ulvestadbygda for frådelling av bustadtomt frå gnr 152 bnr 9 i samsvar med søknad.*
- 2. Forvaltningsstyret føreset at ein som vilkår i byggesak på området viser til merknad frå M.R. Fylkeskommune om varsemd under opparbeiding av området, og at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.*

PS 10/16 Saksframlegg- Dispensasjon frå kommunedelplan frådelling av bustadtomt gbnr 167/5 Velsvika

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga nedanfor og tilrådinga frå landbrukskontoret, og finn at fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruk, natur og friluftsinteresser, og gir i samsvar med PBL §19 dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av bustadtomt som omsøkt, på fylgjande vilkår:*
 - *Løysing for kloakkuslepp frå eigedomen må nærare avklarast i samband med handsaming av delesaka og naudsynte vilkår som sikrar tilfredstillande løysingar til samsvar med gjeldande reglar for private enkeltutslepp må sikrast.*
2. *Fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruksomsyn, og i samsvar med Jordlova §12 vert det gitt løyve til frådeling av bustadtomt med påståande hus på 1,0 daa frå eigedomen gnr 167 bnr 5 i Velsvik.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

1. *Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga nedanfor og tilrådinga frå landbrukskontoret, og finn at fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruk, natur og friluftsinteresser, og gir i samsvar med PBL §19 dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av bustadtomt som omsøkt, på fylgjande vilkår:*

Løysing for kloakkuslepp frå eigedomen må nærare avklarast i samband med handsaming av delesaka og naudsynte vilkår som sikrar tilfredstillande løysingar til samsvar med gjeldande reglar for private enkeltutslepp må sikrast.

2. *Fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruksomsyn, og i samsvar med Jordlova §12 vert det gitt løyve til frådeling av bustadtomt med påståande hus på 1,0 daa frå eigedomen gnr 167 bnr 5 i Velsvik.*

PS 11/16 Spelemiddelsøknader 2016 - Kommunal handsaming

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune har følgjande prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane for 2016: Idrett og friluftslivsbygg:

1. *Mork il – Kunstgrasbane på Langemyra. (fornya søknad)*
2. *VTI – Skiskyting – Skiskyttarbygg del 2. (fornya søknad)*
3. *VTI-Fotball – Fotballhall (fornya søknad)*
4. *Folkestad il - 7-er bane Kunstgras. (fornya søknad)*

5. *VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion*

Nærmiljøanlegg:

1. *Vestsida il – rehabilitering ballbinge – Ulvestad (fornya søknad)*

Handsaming:

Tilbakemelding dat. 13.01.16 frå Volda idrettsråd v/Johann Roppen vedk. prioriteringa var motteken og lagt på saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

Volda kommune har følgjande prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane for 2016:

Idrett og friluftslivsanlegg:

1. *Mork il – Kunstgrasbane på Langemyra. (fornya søknad)*
2. *VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 2. (fornya søknad)*
3. *VTI-Fotball – Fotballhall (fornya søknad)*
6. *Folkestad il - 7-er bane Kunstgras. (fornya søknad)*
7. *VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion*

Nærmiljøanlegg:

1. *Vestsida il – rehabilitering ballbinge – Ulvestad (fornya søknad)*

PS 12/16 1519 gbr 167/5 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Arne Velsvik

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret viser til søknad datert 22.10.15, om konsesjon på gnr. 167 bnr. 5 i Volda kommune. Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Arne Velsvik fødd 10.12.36, slik det er søkt om. Vilkår for konsesjonen er at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 167 bnr. 4 i Velsvika.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2016

Forvaltningsstyret viser til søknad datert 22.10.15, om konsesjon på gnr. 167 bnr. 5 i Volda kommune. Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Arne Velsvik fødd 10.12.36, slik det er søkt om. Vilkår for konsesjonen er at egedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 167 bnr. 4 i Velsvika.

Møtet slutt kl. 18:50

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
15.01.16

Unni Strand
sekr.